

Tabell D-k

Distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskot

Tabellen viser bakgrunnstala for utrekning av distriktstilskot Sør-Noreg og veksttilskotet i 2016.

Kolonne 1 – Innbyggjarar per 1.1. 2012

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2012.

Kolonne 2 – Innbyggjarar per 1.1. 2015

Kolonnen viser innbyggjartalet per 1. januar 2015.

Kolonne 3 – Gjennomsnittleg skatteprosent 2012–2014

Kolonne 3 viser gjennomsnittleg skatteprosent for åra 2012–2014, i prosent av landsgjennomsnittet.

Kolonne 4 – Distriktsindeks 2014

Kolonne 4 viser distriktsindeksen for 2014. Sjå Prop. 95 S (2013–2014) *Kommuneproposisjonen 2015* for nærmere omtale av indeksen.

Kolonne 5 – Distriktstilskot Sør-Noreg 2016

Distriktstilskot Sør-Noreg skal vareta kommunar i Sør-Noreg med ei svak samfunnsmessig utvikling. Tildeling av distriktstilskot Sør-Noreg tek utgangspunkt i distriktsindeksen, som er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolkningsstruktur og -utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå.

Tilskotet blir tildelt kommunar i Sør-Noreg som:

- har ein distriktsindeks mellom 0 og 46,
- har hatt ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 pst. av landsgjennomsnittet (målt per innbyggjar), og
- ikkje mottek Nord-Noreg- og Namdalstilskot eller småkommunetilskot.

Tilskotet blir gjeve med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar. Satsane varierer etter verdien på distriktsindeksen. Tilskotet blir rekna ut frå talet på innbyggjarar per 1. januar 2015 og distriktsindeksen for 2014. Satsane for 2016 er prisjusterte.

Satsar for distriktstilskot Sør-Noreg 2016:

Indeks	Per kommune (1000 kr)	Per innbyggjar (kroner)
Indeks 0–35	3 487	693
Indeks 36–38	2 366	556
Indeks 39–41	1 777	416
Indeks 42–44	1 185	279
Indeks 45–46	593	140

Kolonne 6 – Befolkningsendring 2012–2015

Kolonnen viser prosentvis gjennomsnittleg årleg endring i innbyggjartalet i perioden 2012 til 2015. I berekningane blir det nytta innbyggjartal frå 1. januar 2012 og 1. januar 2015.

Kolonne 7 – Vekstgrense veksttilskotet 2016

Veksttilskotet er eit tilskot til kommunar med særleg høg befolkningsvekst. Tilskotet er grunngjeve med at kommunar med høg folkevekst på kort og mellomlang sikt kan ha vanskar med å tilpasse tenestetilbodet til ei voksende befolkning. Det kan vere problematisk å finansiere dei nødvendige investeringane utan at det verkar inn på tenestetilbodet. Veksttilskotet blir gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst over vekstgrensa dei siste tre åra. Vekstgrensa for 2016 er 1,5 prosent.

Kolonne 8 – Innbyggjarar ut over vekstgrensa

Kolonne 8 viser talet på nye innbyggjarar ut over vekstgrensa på 1,5 prosent.

Kolonne 9 – Veksttilskot 2016

Kolonne 9 viser kva den einskilde kommune får i veksttilskot i 2016. Satsen per nye innbyggjar ut over vekstgrensa for 2016 er 56 485 kroner (satsen er prisjustert). Veksttilskotet til kommunen i 2016 er lik talet på nye innbyggjarar utover vekstgrensa (kol. 8) multiplisert med 56 485 kroner.